



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/126253-5

Dykkar referanse:

Vår dato:
09.01.2019

Svar – Dispensasjon frå byggjegrænse – E39 – Gnr. 219 bnr. 41 – Vikanes i Lindås kommune

Vi viser til søknad av 05.06.2018.

Vedtak

Med heimel i veglova [§30](#) og [§34](#), gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot E39 for å etablere flytekai og 5 parkeringsplasser på gnr. 219 bnr. 41 i Lindås kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan datert 05.06.2018 vedlagt søknaden og skisse mottatt 04.01.2019. Lindås kommune kan vurdere å ha parkeringsplassane skråstilt i motsett retning.
2. Avstanden frå flytekai til senterlina på E39 skal vere minst 34 meter og tilsvarande minst 12,5 meter frå senterline på E39 til parkeringsplass.
3. Tiltaket må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
4. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær E39.
5. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Postadresse
Statens vegvesen

Telefon: 22 07 30 00

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Org.nr: 971032081

Lindås kommune har søkt om å oppføre kommunal flytekai på Vikanes. Det er søkt om flytekai med 5 utliggarar og ei fri side for litt større båtar. Det er også søkt om å etablere 5 merka parkeringsplassar i samsvar med skisse datert 04.01.2018. Arealet er eigd av Statens vegvesen. I følgje søknaden skal tiltaket vere for dei veglause gardane langs fjorden og «fjordfolket». Kaia vil også kunne nyttast som anleggskai for skyssbåt.

Vegarealet er uoversiktleg i området der parkering er omsøkt, med ein kombinasjon av privat og kommunal veg, og kryssområde mot E39. I dag vert det parkert på begge sider av vegarealet, jf. vegbiletet, og det er lite breidde igjen til den kommunale vegen gjennom området. Dette skaper uoversiktlege manøvreringstilhøve.

Areal til parkering må følgje Handbok N100. Illustrasjon av parkeringsløyising som var vedlagt søknaden viser skråstilt parkering 5x60°. Vi rår til at kommunen utarbeider ein oppmerkjingsplan for heile området, slik at ein får tydleg oppmerking som avgrensar vegareal og parkering. Kommunen må vurdere korleis trafikantar skal manøvrere seg inn og ut av parkering på ein trafikksikker måte før arealet vert endeleg merka og sørge for at det er tilstrekkeleg areal til køyrebane.



Illustrasjon vedlagt søknad (t.v) og vegbiletet 2017 (t.h).

Lindås kommune har bedt om å få kjøpe naudsynt areal til tiltaket. Plan og forvaltning vil heller rå til av arealet i første rekkje vert utleigd, til situasjonen rundt ny E 39 Eikefet – Romarheim er nærmare avklart. Dette gjeld især for arealet som skal nyttast til parkering.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Send klagen til Statens vegvesen Region vest PB, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning, Bergen

Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi


Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Vedlegg

Veglova [§29](#), [§30](#), [§34](#), [§35](#), [§38](#)

Flytekal Vikanes – Situasjonsplan datert 05.06.2018

Parkering Vikanes – Skisse datert 04.01.2019



— Målte Grenser	■ Våningshus
- Registrerte Grenser	■ Større bustader
⋈ Udefinert grenser	■ Hytte/feriehus
⋈ Terrengmålte grense	■ Garasje/uthus
⋈ Konstruert grensepunkt	■ Industri/lager
■ Bolig	■ Andre bygg
■ Bustad m/leilighet	

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.
 Koordinatsystem: UTM(EUREF89) - SONE 32 (EPSG:32632)
 Høydesystem: (EPSG:)

GBR 219/41 - Kommunal Flytekai Vikands		 Målestokk 1:500 Gemini
Powel AS		
Dato: 2018.06.05 Sign.: like	Oppdragsgiver: Adresse: Postnr./sted:	



— Målte Grenser	■ Våningshus
- Registrerte Grenser	■ Større bustader
⚡ Udefinert	■ Hytte/feriehus
⚡ Terrengmålt	■ Garasje/uthus
⚡ Konstruert	■ Industri/lager
■ Bolig	■ Andre bygg
■ Bustad m/leilighet	

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.
 Koordinatsystem: UTM(EUREF89) - SONE 32 (EPSG:32632)
 Høydesystem: (EPSG:)

Powel AS

Oppmerket parkeringsareal 15 x 5,5m
 5x skråstilte parkeringsplasser 60°
 3,0 x 5,5m




Dato: 2019.01.04
 Sign.: Ikke

Oppdragsgiver:
 Adresse:
 Postnr./sted:

Målestokk
 1:500
 Gemini

Illustrasjon — fra avkjørsel E39



Illustrasjon — mot avkjørsel E39

